



Saksframlegg

Kommunalt oppgåvefelleskap for klima- og miljøberedskap i Telemark, revidert samarbeidsavtale

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		30.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale Klima og miljøberedskapen i Telemark.pdf
- 2 Notat til samarbeidsavtale - anskaffelsesforskriften §3.pdf

Bakgrunn for saka:

Klima- og miljøberedskapen i Telemark er organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap, med ein samarbeidsavtale vedteken av samtlige 17 kommunestyre i Telemark. Avtalen trede i kraft 1. januar 2024.

I løpet av våren 2025 er avtalen revidert etter innspel frå Vestfold og Telemark Revisjon og juridisk rådgivar hos Samfunnsbedriftene. Føremålet med revisjonen har vore å sikre at avtalen er juridisk og rekneskapsmessig korrekt. Revidert avtale krev politisk handsaming og likelydande vedtak i alle deltakarkommunane.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035: Gjennomgåande tema i kommuneplanen.

Endringane i avtalen er i hovudsak av teknisk og juridisk karakter. Den mest vesentlege endringa er at omgrepet «dagleg leiar» er fjerna, og at kommunane sitt bidrag til oppgåvefelleskapet er tydelegare definert. Dette er gjort for å sikre at samarbeidet blir klassifisert som ein samarbeidsavtale og ikkje som ei anskaffing.

Revidert avtale er handsama og einstemmig tilrådd av:

- Beredskapsstyret for brannsjefane i Telemark (22. april 2025)
- Representantskapet for kommunane (6. juni 2025)

Det er einstemmig tilrådd til dei samarbeidande kommunane å vedta revidert samarbeidsavtale med likelydande vedtak i alle deltakarkommunane i Telemark.

Klima- og miljøberedskap i Telemark – framdrift og vidare prosess

For at avtalen skal tre i kraft, må alle deltakarkommunar gjere likelydande vedtak innan utgangen av 2025.

Økonomiske konsekvensar

Forslaget til vedtak inneber ingen endringar i økonomiske plikter for kommunen.

Konklusjon:

Endringane i samarbeidsavtalen syns virke av teknisk og juridisk karakter å syns være fornuftige endringar å ha i ei ny samarbeidsavtale.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren tilrår at Fyresdal kommune vedtek revidert samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefellesskap for klima- og miljøberedskapen i Telemark.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk